

Jan-Helge Lavik
Langhøyane 37 A
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5625 - 22/13735

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
18.02.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 445/352 Manger nedre

Tiltak: Svømmebasseng med overbygd uteplass, levegger og murar
Byggjestad: Gbnr: 445/352
Tiltakshavar: Jan-Helge Lavik
Ansvarleg søkjar: Smartcon AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Reguleringsplankartet er juridisk bindande, og deler av eigedommen i kartet er veg samt område satt av til frileik. Etter som det ikkje er gjort ei reguleringsendring knytt til den nye situasjonen på eigedommen, utløyser høvet ei rekke krav til dispensasjonar knytt til tiltak. Sjå plankart:



Følgande dispensasjonar som det må søkjast om, gjeld for oppføring av mur:

1. Dispensasjon frå arealføremål for oppføring av mur. (Leik 1. og Veg 10. Gjeld mur A, B, C, og D).
2. Dispensasjon frå avstandskrav for tiltak som kjem nærare enn 4,0 meter frå kommunalt leidningsnett. (jf. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4 1. ledd). Etter det me kan sjå har mur ei minste avstand frå kommunalt leidningsnett på ca 3 meter.

Ved søknad skal det leggjast ved lengdesnitt gjennom mur (del av mur som kjem nærmast veg og leidningsnett). Lengdesnitt skal være målsatt, syne avstander og høgder. Ein må også gjer greie for korleis ein har tenkt å fundamentere mur for å hindra utrasing ved arbeid på kommunalteknisk anlegg.

3. Dispensasjon (revidert) frå avstandskrav mot kommunal veg.

I søknad må ein oppgje minste avstand til vegmidt, og ein må finna ut kva del av mur som kjem nærast kommunevegen. Dette skal være vist på målsett situasjonskart. Her skal ein nytta VA kart (vedlagt), grunna avstand til kommunale leidningar. Med søknad må det leggjast ved lengdesnitt som syner dette punktet.

4. Dispensasjon frå avstandsreglane knytt til området satt av til leik, jf. PBL § 29.4. (4 meter grunna høgde på mur) Eller samtykke frå grunneigar/ Alver kommune gbnr 445/171.

Vidare ber administrasjonen om at søknaden blir supplert med følgande knytt til oppføring av basseng, og leveggar:

5. Dersom tiltaket overskrid gjeldande BYA grense på 25% på eigendomen samla sett (sjå plankart, arealføremål/ bustader, merket gult i kartet), så må det leggjast ved ny utrekning, samt søknad om dispensasjon knytt til nemnte tilhøve.
6. Allereie gitt løyve til avløpsvatn frå basseng saknr: 952/21, datert 14.09.2021, må supplerast med røyrleggjarmelding. (Høvet er knytt til uttale frå Alver kommune, avd. Samferdsel,- veg, vatn, og avløp, datert 26.10.2022).

For ordens skuld nemnast at alle dispensasjonar skal nabovarslas. I dette tilfellet er administrasjonens forneining at det ikkje er naudsynt ettersom tiltaket allereie er varsla, og ikkje på nokon måte endra på.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.04.2022 . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ledningskart gbnr 445-352

Mottakarar:

Jan-Helge Lavik
Smartcon AS

Langhøyane 37 A
Ytrebygdsvegen 37

5936
5251

MANGER
SØREIDGREND